



Referanse: 19/00914-11 **Dato:** 24.02.2022

Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen i Volda

Høgskulestyret vedtok dei språkpolitiske retningslinjene i [styremøte 28. mai 2020 i sak 46/20](#).
Rektor fekk fullmakt til å gjere «mindre endringar og redaksjonelle justeringar» av retningslinjene.

Overordna retningslinjer

Språkpolitikken er ein sentral del av det kulturpolitiske ansvaret for Høgskulen i Volda (HVO). Som ein statleg institusjon for forskning og høgare utdanning har høgskulen eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrke norsk språk, slik at det blir sikra som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg. «Norsk» femner i desse retningslinjene om både bokmål og nynorsk, og bruken av desse skriftspråka skal vere i samsvar med krava i *Lov om språk*.

I [Lov om språk \(LOV-2021-05-21-42\)](#) blir det streka under at offentlege organ har «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket». Høgskulen i Volda har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk språk og kultur, både fordi nynorsk er eit mindretalsspråk som har rett på særskilt vern, og fordi Høgskulen i Volda ligg midt i kjerneområdet for dette språket. På denne bakgrunnen skal nynorsk vere hovudspråket ved HVO, slik at institusjonen står fram med ein tydeleg nynorsk profil.

Engelsk eller andre språk skal brukast når det er naudsynt eller fagleg føremålstenleg.

Den språklege kvaliteten skal vere god i all kommunikasjon som høgskulen har ansvar for. Prinsippet om klarspråk; eit korrekt, klart og mottakartilpassa språk, skal leggjast til grunn for all skriftleg kommunikasjon frå og ved Høgskulen i Volda.

Undervisning

Norsk er hovudspråk i undervisninga ved HVO, men svensk og dansk skal kunne nyttast på lik linje med bokmål og nynorsk. Der det er føremålstenleg, kan ein opne for undervisning på engelsk i utvalde emne.

Det er eit mål for HVO at både tilsette og studentar kan uttrykkje seg skriftleg i eit forståeleg fagspråk. Det er viktig å gjere fagspråk tilgjengeleg og godt tilpassa mottakaren. Fagmiljøa bør syte for at språkleg og terminologisk kompetanse vert ein del av læringsutbyttet i studia.

Høgskulen skal gje god utdanning til profesjonane i velferdsstaten, og er den viktigaste leverandøren av fagpersonar til eigen region. Regionen vår er i stor grad ein nynorskregion, og det bør reflekterast i utdanningane. Dette gjeld særleg lærar- og barnehagelærerutdanningane, som skal gjere studentane i stand til å bruke nynorsk på ein kvalifisert måte (jf. forskrifter om rammeplanar for grunnskulelærerutdanningane og barnehagelærerutdanninga). Også andre utdanningar bør førebu studentane på den språklege kvardagen dei skal arbeide i.

Avdelingane har ansvar for at undervisninga skjer på det språket som er annonsert i studie- og emneplanane. Dei har også ansvar for å kvalitetssikre språkkompetansen ved fordeling av undervisningsoppgåver mellom dei fagtilsette.

Ved eksamen skal det til vanleg brukast norsk språk. I særskilde tilfelle kan det gjerast unntak.

Bachelor- og masteroppgåver skal i hovudsak skrivast på norsk med eit samandrag på engelsk. Avdelingane kan avgjere at oppgåver i enkelte fag/kurs kan vere på engelsk. På alle nivå vert det forventa at studentane skal kunne gjere seg nytte av faglitteratur både på norsk og engelsk.

Kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er mellom kriteria som skal leggjast til grunn for tilsetjing i faste undervisningsstillingar. Utanlandske studentar og tilsette bør få tilbod om innføring i norsk språk, kultur og samfunnskunnskap.

Forsking og formidling

HVO skal leggje til rette for norsk som fullverdig vitenskapleg publiseringsspråk. Det er ei viktig oppgåve å fremje norsk fagterminologi og klar og korrekt språkføring innanfor forking, formidling og publisering. *Universitets- og høgskulelova* gjer oss pliktige til å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk. Høgskulen i Volda tek eit særleg ansvar for at dette skal gjelde både nynorsk og bokmål. Engelsk eller andre språk vert brukt når dei som publiserer, finn det føremålstenleg.

Publikasjonar som vert utgjevne ved HVO på ikkje-skandinaviske språk, bør ha eit samandrag på norsk. Publikasjonar på norsk skal ha eit samandrag på engelsk eller anna språk.

Høgskulen skal stimulere til og drive aktiv opplæring i skriving av vitskaplege fagartiklar, både på norsk og engelsk, og formidle hjelp til omsetjing og språkvask.

Administrasjon og informasjon

Administrasjonsspråket ved HVO er nynorsk, og tilsette i administrasjonen må meistre både nynorsk og bokmål. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa (jf. *Lov om språk*). Tilsette i administrasjonen skal i tillegg ha kompetanse i engelsk som gjer dei i stand til å yte gode tenester for utanlandske studentar, tilsette og gjester.

HVO-nettsidene, brosjyrar og tilsvarande skal innehalde lett tilgjengeleg informasjon både på nynorsk og bokmål (jf. *Lov om språk*), og på engelsk for internasjonale målgrupper. Høgskuleleiinga vurderer i kva grad sentrale dokument bør setjast om til engelsk.

Ved innkjøp og fornying av ulike typar IKT-verktøy og andre sentrale tenester skal HVO stille språklege krav til leverandøren med basis i at hovudspråket er nynorsk.

Innføring og forvaltning

Implementering og forvaltning av dei språkpolitiske retningslinjene skal vere forankra i leiinga på alle nivå. Ansvaret for å etablere ein praksis som sikrar at retningslinjene blir følgt, følgjer vedtekne ansvarslinjer i organisasjonen. Utforming av strategiplanar, handlingsplanar og rapportering om utvikling er del av dette ansvaret.